



## Notat

Dato: 24.10.2017  
Arkivsak: 2014/54-45  
Saksbehandlar: arnasan

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål frå representanten Aud Karin Oen - tannhelsetakstar

Representanten Aud Karin Oen har stilt dette spørsmålet:

«I fylkestinget i oktober oppfatta eg at rådmannen frå talarstolen sa at ein skulle undersøkje moglegheiten for å unngå takstauke ved einskilde tilbod i distrikta.»

Svar:

Forskrift om føring av adskilte regnskap vart innført frå 01.01.2015 etter ei avgjerd i ESA. Tannhelsetenesta i Hordaland har hatt rutinar for å splitta rekneskapen frå den dato.

Fylkesrådmannen opplyste i fylkestinget at det var søkt om juridisk bistand for å vurdere dei nåverande rutinane, og samstundes få ei vurdering av korleis Hordaland fylkeskommune på ein riktig måte skal tolka og håndtera denne forskrifta i framtida.

I forskrifta § 5 står det bl a at «fylkeskommunen skal for hvert regnskapsår utarbeide en oppgave med resultatoppstillinger for de forskjellige deler av virksomheten. Med «de forskjellige deler av virksomheten» menes i forskriften her:

- a. tannhelsetjenester som tilbys helt eller delvis vederlagsfritt til pasienter som omfattes av gruppene i tannhelsetjenesteloven § 1-3 første ledd bokstav a til e
- b. tannhelsetjenester som tilbys voksne mot betaling i områder der det ikke foreligger annet tilstrekkelig tilbud (tjenester av allmenn økonomisk betydning)
- c. tannhelsetjenester som tilbys voksne mot betaling i områder med konkurranse fra private tjenesteytere.

Forskrifta opnar for at fylkeskommunen kan gi tannhelsetjenester med reduserte takstar i områder der det ikkje er konkurranse frå private tenesteytarar. Fylkesrådmannen har ikkje fått den endelege konklusjonen frå jurist. Med den klinikkstrukturen som tannhelsetenesta nå har – og med den infrastrukturen som er i fylket – er det fylkesrådmannen si vurdering at det kan vera vauseleg å finne område i Hordaland der forskrifta åpner for lågare takster for tannhelsetenester.